



Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/9544-24

Oppfølging av fylkestingsvedtak - sak nr 48/19 mineralråd

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen sluttar seg til mineralrådet, jf. vedlagde reglement.

2. Følgjande vert valde som medlemer i mineralrådet:

.....
.....

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd 1,5 mill. kr til arbeidet i mineralrådet, jf. vedtak i samband med budsjettrapporten pr. 2. tertial. Midlane vil no kunne kome til utbetaling.

Vedlegg:

Reglement for mineralrådet

SAKSFRAMSTILLING

Naustdal kommune har, saman med Askvoll kommune, teke initiativ til å skipe eit mineralråd for Sogn og Fjordane. Saka har vore drøfta i fylkeskommunale organ ved fleire høve, seinast i fylkestinget 8. oktober i år.

Følgjande vedtak vart fatta i FT-sak 48/19:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltar på linje med dei andre. Mineralrådet må arbeide for best mogeleg industriell utnytting og verdiskaping av mineralførekomstane i fylket.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slikt deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjetttrapport pr. 2. tertial 2019.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

Skipingsmøte vart halde 28. november 2019. Før ev. fylkeskommunal deltaking, har rådet slike medlemer: Jenny Følling (Sunnfjord kommune), Ole Andre Klausen (Askvoll kommune), Gertrude Halse (Norstone AS), Martin Melvær (Bellona), Anita Hall (Norsk Bergindustri) og Nina Dahl (Sintef).

Reglement for rådet er oppdatert, m.a. for å imøtekomme vedtaket frå fylkestinget. Når det gjeld fylkeskommunal deltaking, opnar ordlyden for inntil to medlemer frå eit fylkeskommunalt politisk organ. FU kan ev. velje å berre peike ut ein representant, og samtidig oppmode om at det ved eit suppleringsval vert vald ein representant nummer to frå Vestland fylkeskommune.

Når det gjeld økonomi viser eg til tilråding til vedtak, pkt. 3.